

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 23/2003

av 14. mars 2003

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2002 av 6. desember 2002⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2002/459/EF av 4. juni 2002 om utarbeiding av ei liste over einingane i datanettet «ANIMO», og om oppheving av vedtak 2000/287/EF⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I kapittel I del 1.2 i avtala vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2002/459/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. mars 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

⁽¹⁾ TEU L 38 av 13.2.2003, s. 3, og EØS-tillegget til TEU nr. 9 av 13.2.2003, s. 2.

⁽²⁾ TEF L 159 av 17.6.2002, s. 27.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 14. mars 2003.

*For EØS-komiteen
Formann*

P. Westerlund

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

VEDLEGG

TIL AVGJERD I EØS-KOMITEEN NR. 23/2003

I vedlegg I kapittel I del 1.2 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

Teksta til nr. 46 (kommisjonsvedtak 2000/287/EF) vert bytt ut med følgjande:

“**32002 D 0459**: Kommisjonsvedtak 2002/459/EF av 4. juni 2002 om utarbeiding av ei liste over einingane i datanettet «ANIMO», og om oppheving av vedtak 2000/287/EF (TEF L 159 av 17.6.2002, s. 27).

Denne rettsakta gjeld òg for Island på dei områda som er omfatta av dei særskilde rettsaktene som er nemnde i nr. 2 i den innleiande delen.

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i vedtaket gjelde med følgjande tilpassing:

I vedlegget vert følgjande lagt til:

“Land: **Island**

SENTRAL EINING

1700000

FISKISTOFA

GRENSEKONTROLLSTASJONAR

1700199	P	REYKJÁVIK
1700299	P	HAFNARFJÖRÐUR
1700399	P	ÍSAFJÖRÐUR
1700499	P	AKUREYRI
1700599	P	ESKIFJÖRÐUR
1700799	A	KEFLAVÍK AIRPORT
1701399	P	HUSÁVÍK
1701899	P	ÞORLÁKSHÖFN
1701999	P	NJARÐVÍK
1702199	P	SIGLUFJÖRÐUR

Land: Noreg

SENTRAL EINING:

1500000 STATENS DYREHELSETILSYN

LOKALE EININGAR:

1500101 OSLO, AKERSHUS OG ØSTFOLD
1500201 HEDMARK OG OPPLAND
1500301 BUSKERUD, VESTFOLD OG TELEMARK
1500401 ROGALAND, AUST-AGDER OG VEST-AGDER
1500501 HORDALAND OG SOGN- OG FJORDANE
1500601 MØRE OG ROMSDAL
1500701 SØR-TRØNDELAG OG NORD-TRØNDELAG
1500801 NORDLAND
1500901 TROMS OG FINNMARK

GRENSEKONTROLLSTASJONAR:

1500199 P OSLO
1500299 P KRISTIANSUND
1500399 P STAVANGER
1500599 P MÅLØY
1500699 P ÅLESUND
1500799 P TRONDHEIM
1500999 P TROMSØ
1501099 P HAMMERFEST
1501199 P BÅTSFJORD
1501299 R STORSKOG
1501399 A OSLO LUFTHAVN
1501499 P BORG
1501599 P VADSØ
1501699 P SORTLAND
1501799 P HONNINGSVÅG
1502099 P SKJERVØY
1502199 P KIRKENES****